

**Protokoll**  
**Styremøte nr. 9/2018**  
***Norges Friidrettsforbund***  
Clarion Collection Hotel Bastion, Oslo  
7. desember kl 15.30

**Tilstades:** Anne Farseth, Ragnfrid Margrete Nedberge LLano, Kari Ann Nygård, Geir Nordtømme (deltok ikkje under sak 64, 65, 67), Henrik Carstens, Mathias Vangsnes

**Forfall:** Ketil Tømmernes, Kalle Glomsaker, Svein Arne Hansen, Lill Berit Løyte Sjøsåsen

**Referent:** Narve Heggheim

**Fra sentraladministrasjonen:** Narve Heggheim, Kjetil Hildeskor, Berit Nøbben, Fredrik Samuelsen

**Saksliste for styremøte 9-2018:**

- Sak 64/2018 Godkjenning av innkalling og protokoll frå forrige styremøte
- Sak 65/2018 Orientering drift v/gensek og orientering frå kvart enkelt styremedlem
- Sak 66/2018 Økonomi og regnskap
- Sak 67/2018 Inntekter framover
- Sak 68/2018 Krav og kriterier 2019
- Sak 69/2018 Oppnevning av jury og TD vinter/vår 2019
- Sak 70/2018 NM og UM reglement 2019
- Sak 71/2018 Høyring krets Moderniseringsprosjektet
- Sak 72/2018 Moderniseringsprosjektet høyringsuttale NFIF
- Sak 73/2018 Friidrettstinget 2019
- Sak 74/2018 Fullmaktsmatrise NFIF

**Sak 64/2018 Godkjenning av innkalling og protokoll frå forrige styremøte**  
Innkalling og protokoll vart godkjendt.

**Sak 65/2018 Orientering drift v/gensek og orientering frå kvart enkelt styremedlem**  
Styremedlemmer og administrasjon orienterte om saker innafor sitt arbeidsområde.

**Sak 66/2018 Økonomi og regnskap**  
Rekneskap og prognose pr. 30.11.2018 vart presentert. Prognose viser positivt årsresultat på kr 1.063.000 mot eit mot eit budsjettert årsresultat i balanse.

**Vedtak: Orientering og prognose vart teken til etterretning.**

**Sak 67/2018 Inntekter framover**  
Planar frå markedsavdelinga vart presentert. Det vert arbeidd på ulike område for å skaffe meir inntekter til organisasjonen. Markedsarbeid har sterkt fokus og det blir jobba med ulike konsept mot sponsorar men også andre inntektsbringande tiltak.

**Sak 68/2018 Krav og kriterier 2019**  
Forslag til krav og kriterier vart presentert. Forslaget er behandla i toppidrettsutvalget før innstilling til styret.

**Vedtak: Framlagt forslag til krav og kriterier for 2019 vart vedteke.**

**Sak 69/2018 Oppnevning av jury og TD vinter/vår 2019**  
Forslag til juryleiarar og TD for nasjonale mesterskap fram til april vart presentert.

**Vedtak: Forslag til jurymedlemmer og TD på mesterskap vart vedteke.**

**Sak 70/2018 NM og UM reglement 2019**  
Forslag til UM og NM reglement for 2019 vart presentert.

**Vedtak: Forslag til NM og UM reglement vart vedteke med justering av hoppøgder i stav for herrar. Administrasjonen får fullmakt til å redigere språket i utarbeidd forslag før publisering. Før neste års rulling av NM og UM reglementa skal det gjennomførast ein gjennomgang på kvalifiseringskrav og hoppøgder. Dette for å sikre at desse fangar opp dei endringar som er i deltakelsen i dei ulike øvingane og sikrar ei god gjennomføring av mesterskapa.**

**Sak 71/2018 Høyring krets Moderniseringsprosjektet**  
Det er gjennomført høyring i kretsane på framtidig krets/regionsstruktur som ein del av NIF sitt moderniseringsprosjekt. Hovedtrekka i høyringsuttalane frå kretsane vart referert og desse er tatt med i NFIF si høyringsuttale til NIF. NFIF køyrer sin prosess på kretsstruktur vidare som planlagt, uavhengig av NIF si høyring og framdriftsplan.

**Sak 72/2018 Moderniseringsprosjektet høyringsuttale NFIF**  
Forslag til høyringsuttale vart gjennomgått og drøfta.

**Vedtak: Forslag til høyringsuttale vart vedteken.**

**Sak 73/2018 Friidrettstinget 2019**

Friidrettstinget blir halde i Bergen 30-31. mars. Styret vart orientert om status og fristar for innmelding av saker for behandling. Tinget er gjort kjent i henhold til NFIF's lov på nettsider og med utsending via kretsane.

**Sak 74/2018 Fullmaktsmatrise NFIF**

Styret har bedd om ei fullmaktsmatrise for organisasjonen for å sikre gode rutiner ved større innkjøp og avtaler.

**Vedtak: Framlagt forslag til fullmaktsmatrise vart vedteke.**

**Møtet slutt 19.15**